



Drømmehagen barnehage
Mjåtveitmarka 82
5918 FREKHAUG

Dykkar ref.
Vår ref. MMT

Journalp.ID 13/10752
ArkivsakID 13/1178
Arkiv nr. N-211.3

Dato 29.07.2013

VEDTAK OM GODKJENNING AV DRØMMEHAGEN BARNEHAGE.

Viser til søknad om godkjenning av Drømmehagen barnehage motteke 28.06.2013.

Vedtak: Drømmehagen barnehage vert godkjend etter Lov om barnehagar §10, §§1, 1a, og 2. Godkjenninga gjeld frå 5.8.2013.

Barnehagen er godkjend for 173 barn over 3 år, evt.130 barn under 3 år, tilsvarande arealnorm :690 m2.

Dette er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova §17 og §24, og kan påklagast. Fylkesmannen er klageinstans.

Saksopplysningar:

Barnehagen har vore gjennom ein lang prosess i høve til søknad.

Det ligg føre god dokumentasjon og uttale i høve til

Planteikningar, helsemynde, bygningsmynde, brannvern og arbeidstilsyn.

Det er sendt inn vedtekter og bemanningsplan.

Barnehagefagleg rådgjevar og miljøretta helsevern har vore på synfaring både ute og inne i barnehagen 09.07.2013.

Barnehagen skal vera ferdig til 05.08.2013.

Vurdering:

Vurdering av fysiske rammer.

Barnehagen si utforming har moglegheit for god livsutfoldelse, og tilhøva både ute og inne gjev rom for meningsfylte opplevingar og aktivitetar.

Det er trygge omgjevnader ved at det er sikring av trapper, kantar inne og ute, leikeområdet er gjerda inn med høgt gjerde.

Samtidig vil borna kunne ha utfordrande omgjevnadar.

Inne er det mange rom for allsidig leik. Det er lyse og gjennomskinlege flater og vindauge som borna kan sjå ut av, uansett kva alder dei er i. På kjøkkenet vil borna kunne stå på spesiallaga golv ved kjøkkenbenken og lage mat saman med den vaksne. Det vil og vere spesielle rom for ulike aktivitetar: atelier t.d.

Ute er leikeområdet utforma med varierte leikeplassar i høve til alder. Her kan borna leike i større eller mindre grupper, og ha ulike aktivitetar som sykling på sykkelveggar, rolleleik i leikehus/skog, eller sandkasse og disseleik med fantasileik på dei ulike områda.

Barnehagen har med sin Reggio Emilia pedagogikk lagt stor vekt på dei fysiske omgjevnadene både inne og ute som "den tredje pedagogen."

Det vert teke omsyn til mellom anna borna sin alder og ulike funksjonsnivå.

Lokale og uteområde er vurdert som godt egna for barnehage.


Barnehagen si arealnorm er vurdert etter gjeldande norm i barnehagelova.

Bemanningsplan og vedtekter er levert og vurdert tilfredstillande.

Kommunen si vurdering er at barnehagen kan godkjennast etter *Lov om barnehagar §10, §§1, 1a, og 2.*

Vedlegg: Klageskjema.

Mvh


Ingvild Hjeltnes
Rådmann

Mette M. Træland (s)
barnehagefagleg rådgjevar